



Dagleg leiar Erik Grefberg i Teres Midical Norge rapporterer om høgsesongen for plastikkirurgi i vårmånadene.

## Nordmenn vil ha ny kropp til sommarferien

NYHENDE

Publisert: 07.05 2014 09:37

Sist oppdatert: 07.05 2014 09:41

I månedene før fellesferien er det rush hos plastikkirurgiske klinikkar i Norge.

Bryst og mage er dei områda som flest er interesserte i å fikse på, opplyser Erik Grefberg, dagleg leiar i Teres Medical Norge.

Teres er Norges og Skandinavias største samanslutning av private sjukehus og klinikkar, og dei opplevt eit kraftig hopp i talet på plastikkirurgi i månadene mars, april og mai.

- Varme dagar fører gjerne til lettare kle, men det er ikkje alle som føler seg komfortable med sin eigen kropp. Årsakene til dette er sjølvstilt ulike, men barnefødsler, overvekt, skader eller medfødde særigenheiter kan føre til kompleks, forklarar Grefberg.

At talet på plastikkirurgiske inngrep aukar i vårmandene, kjem nok av at mange har ein tanke om at blåmerke og arr då får tid til å dempe seg før bikini og badeshortssesongen kjem, legg Grefberg tild.



1